


PLANINITIATIV

for Gbnr. 33/13 og 29/134, Røyernes rasteplass.



Utarbeidet av: Asplan Viak AS

Datert: 30.08.2022

Revidert etter oppstartsmøte med Lærdal kommune 03.10.2022

Ansvarlige

Fagkyndig	Firma: Asplan Viak AS
	Kontaktperson: Hilde Ruud
	E-post: Hilde.ruud@asplanviak.no
	Telefon: 416 37 898
Forslagsstiller	Firma: Statens Vegvesen, seksjon Nasjonale turistveger
	Kontaktperson
	E-post: Werner.harstad@vegvesen.no
	Telefon: 95276094

Formålet med planen

Hensikt med planen


Asplan Viak AS fremjar på vegne av Nasjonale Turistvegar, planinitiativ for detaljregulering av Røyreset rasteplass, Gbnr. 33/13 og 29/134, i Lærdal kommune. Rasteplassen ligg langs Fv. 5627, like aust for Erdal. Rasteplassen skal framstå som eit attraktivt område der trafikantane blir motivert til å stoppe, og der dei kan få dekkja behova sine for rekreasjon og kvile. Hensikta med planen er derfor å gjera rasteplassen sikrare (regulere avkøyning), tilby toalett og øvrige fasilitetar for alle trafikantar på denne turistvegstrekket.

Området er sett av som LNFR-føremål i framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2022 – 2034, Lærdal kommune. Området er ikkje omfatta av reguleringsplan eller sett av til framtidig vegføremål.

Framtidig arealføremål

Gjennom planframlegget vil ein leggje til rette for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur med vegareal, fortau, parkeringsplass og rasteplass, grønstruktur, friområde med badeplass, samt friluftsområde i strandsona. Anlegg knytt til vatn og avløp i samanheng med toalettfasilitet.

Planområdet og omgivnadane




Figur 1: Lokalisering av planområdet (kommunekart)

Framlegg til varsel av planavgrensing

Kartet nedanfor viser mogleg avgrensing for planområdet. Planavgrensinga fylgjer eigedomsgrensa 33/13 og 29/134, på sørsida av Fv. 5627 og strekk seg ut i strandlinja for å avklare arealbruken. Avgrensinga tek med noko areal langs fylkesvegen for å sikre tilstrekkeleg areal til siktliner. Storleiken på planområdet med planavgrensing som vist nedanfor er på om lag 18,6 daa. Storleiken på planområdet vil avklarast nærmare etter/i oppstartsmøte med kommunen.

Det er førebels uklart om nauset i aust skal inngå i planen.



Figur 2: Framlegg til planavgrensing med svart strek. Stipla strek viser mogleg utviding av planavgrensing.

Kort skildring av området

Planområdet høyrer til landskapsregion 23 Indre bygder på vestlandet, og ligg eit stykke inn i Lærdalsfjorden, mellom Erdal i vest og Lærdalsøyri i aust. Arealet ligg i strandsona på nedsida av Fv. 5627, og fungerer i dag hovudsakleg som parkering og opphaldsareal/rasteplass for forbipasserande køyretøy. Utanom det grusa rasteplassområdet, består planområdet av sjø, lauvskog og anna vegetasjonsdekke. Sør-aust, utanfor plangrensa, ligg det to eigedommar. Den eine eigedommen (Gbnr. 29/12) har eit naust som ligg like aust for rasteplassen. Terrenget i sør er bratt og ligg innanfor NVEs aktsemdområde for skred.



Figur 3: Rasteplass sett i frå vest (Google maps)



Figur 4: Rasteplass sett i frå aust. Naust til høgre i bilete ligg tett på rasteplassen (google maps)




Figur 5: Gruslagt rasteplass (google maps)

Plansituasjon og føringar

Framlegg til kommuneplanen sin arealdel, 2022-2034

Figur under viser framlegg til arealdelen. Planen har vore på høyring og er planlagt vedteke hausten 2022.



Arealformål og omsynssoner i planområdet:

- LNFR
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- Fiske
- Omsynssone : Gul støysone
- Omsynssone: friluftsliv (H530)
- Faresone: Ras- og skredfare

Arealformål og omsynssoner som grensar til planområdet:

- LNFR
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- Fiske
- Faresone: Ras- og skredfare
- Faresone: Høgspenningsanlegg

Vedtekne reguleringsplanar i og nær området

Ikkje kjent.

Reguleringsplanar under arbeid i nærområdet

Ikkje kjent.

Gjer greie for om planinitiativet utfordrar føringar som er gitt i overordna planar og retningslinjer

Planen ligg i eit område som er sett av til LNF-føremål i Lærdal kommune sitt framlegg til kommuneplan 2022-2034. Området er ikkje regulert eller sett av til vegareal eller anna vegføremål. Lærdal kommune melder at for å gjennomføre tiltaka som skissert, må ein gjennomføre detaljreguleringsprosess, både fordi tiltaket strid i mot LNF-føremålet, og fordi det er tiltak i strandsona (jf. byggjeforbod i strandsona, som og gjeld enkle tiltak).

I framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2022-2034, ligg planområdet innanfor omsynssone friluftsliv (H530) som er område som er vurdert som viktige friluftsområde med høg verdi for friluftsliv, med tanke på turgåing, fiske, bading og båtbruk. Tilhøyrande føresegner påpeiker at det bør leggast vekt på å ivareta opplevinga og bruken av området til friluftsliv dersom tiltak skal gjennomførast.


Kort presentasjon av prosjektet / planidéen

Funksjonell og miljømessig kvalitet

Jensen & Skodvik Arkitekter AS har utarbeidd framlegg til løysing for rasteplassen på Røyerneset. Detaljreguleringsplanen skal basere seg på planskisse frå arkitektane. Skissa legg opp til utarbeiding av rasteplass og opphaldsareal for trafikantar på strekninga, opparbeida grønstruktur, sittegrupper, toalettfasilitetar og installasjonar (badetrapp og stupebrygge) ned mot vatnet.


Opparbeida rasteplass og uteareal skal tilfredsstillere krav om universell utforming, der alle har tilgang til hovudfunksjonar som toalett, møblar og gangforbindelsar. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på, der det blir lagt opp til lettstelte grøntareal for bruk til leik og rørsle. Rasteplassen skal vere tilgjengeleg for alle trafikantar. Utforming av tilkomst og trafikkareal vil derfor bli tilpassa ulike køyregrupper som rasteplassen er dimensjonert for. Mellom rasteplass og hovudveg skal det vere eit fysisk skilje som skjermar mot støy og innsyn, samtidig gjere opphaldsareala tryggare.

Omfang er ca. 1500 m² med veg og plassarbeider, ca. 600 m² med raste og opphaldsareal, toalett på ca. 50 m² og fortau/kantareal på ca. 260 m². Eksisterande naust, aust for rasteplassen, ligg tett på og det må gjerast ei vurdering i høve om dette skal med i planen eller ikkje. På grunn av rasfare vil det truleg ikkje vera aktuelt å legge opp til overnatting, dette må vurderast nærmare som del av i skredfarevurderinga. Planskisser og snitt av rasteplassen er vist nedanfor.




FIGUR 7: Situasjonsplan (Jensen & Skodvin Arkitekter AS)

SNITT 2



FIGUR 10: Tilkomst strandsone.



FIGUR 11: Snitt og skisserte toalettfasilitetar

Framlegg til arealbruk innanfor planområdet:

Det vert i hovudsak lagt opp til fylgjande arealbruk:

- friområde (3040)
- rasteplass (2081)
- bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001) /friområde (6700)
- Omsynssoner

Verknader av tiltaket

Landskap, omgivnader, stadkarakter og fjernverknad


Tiltaket vil etablerast på allereie utbygd rasteplass og vil derfor ikkje medføre vesentlege terrenginngrep. Etablering av sti, badetrapp(er) og stupebrett i strandsona skal tilpassast landskapet og skal ikkje medføre større landskapsendringar.

Området er tørt/nedbørsfattig, så det kan ikkje forventast etablering av ny vegetasjon i stor utstrekning. Eksisterande vegetasjon er viktig å ta vare på. Heile rastearealet er antatt å vere fast eller sprengt fjell. Straum kan hentast frå nærmaste trafo (det må avklarast om denne må forsterkast). Det må truleg borast etter vatn (eller løysast på anna måte).

Trafikk og støy

Det nye planframlegget vil ikkje føre til vesentleg auke i trafikk på fv. 5627. Tiltaket legg til rette for opphald på rasteplassen, noko som likevel kan generere større mengder køyretøy på same tid. Den totale årsdøgntrafikken, registrert 2021, er på 350 der 10% er lange køyretøy (vegkart). Trafikken er hovudsakleg knytt til tilkomst mellom Lærdal og Erdal. Fv. 5627 er også knytt til fjellovergangen Aurlandsfjellet, som er Nasjonal turistveg og ei populær reiserute for besøkande. Fartsgrensa er (for tida) sett til 80km/t.

Det er ikkje registrert trafikkulykker i nærleiken av planområdet. Det er noko vegtrafikkstøy langs vegen (55-65 dB).



Figur 11: Støysone (vegkart)

Naturmangfald

Det er registrert dvergfglemmegei (*Myosotis stricta*) utanfor planområdet, som er ein raudlista art kategorisert som sårbar (VU). Det er elles gjort observasjonar av alm (EN), vipe (CR) og gråmåke (VU) i nærleiken av planområdet (Artsdatabanken).

Det er ikkje registrert andre naturverdiar innanfor planområdet.

Friluftsliv

Lærdalsfjorden gir moglegheit for bading, fiske, padling og båtbruk. Område ligg med omsynssone friluftsliv i framlegg til kommuneplanen sin arealdel, 2022-2034.

Kulturverdiar


Det er ikkje registrert kulturverdiar innanfor området.

Samfunnstryggleik

Planområdet ligg innanfor NVEs aktsemdsomsråde, med potensiell skredfare. Det skal gjennomførast vurderingar knytt til behovet for sikringstiltak, tryggleiken skal vera tilstrekkeleg både i anleggsfase og driftsfase. Eventuelle krav til sikring vil koma fram tidleg i prosessen for å sikre areal til eventuelle tiltak.

Trafikktryggleik knytt til inn- og utkøyrsløse av nytt tiltak må vurderast nærmare.

Planområdet ligg ved strandsona. Det må derfor gjennomførast nærmare undersøkingar knytt til stormflo.



Figur 12: Aktsemdområde jord- og flaumskred og utløysings/utløpsområde (NVE).

Konsekvensutgreiing

Etter § 4 i forskrift om konsekvensutgreiing skal forslagsstillar vurdere om planen eller tiltaket omfattast av § 6, § 7 eller § 8.

Asplan Viak AS vurderer at planen for Røyerneset rasteplass ikkje omfattar tiltak som gjer at planarbeidet fell inn under det saklege verkeområdet for KU- forskrifta, og at planarbeidet derfor ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing, jf. forskriftas §§ 6 og 7. Det er heller ikkje eigenskapar ved planen eller tiltaket som kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn og slik løyser ut krav om KU jf. forskriftas § 8.

Vi vurderer at det vil vere tilstrekkeleg å belyse verknadar av tiltaka planen opnar for gjennom dei generelle utgreiingskrava i pbl § 4-2 planomtale med vurdering og skildring av planen sine verknadar for miljø og samfunn.

Planprosessen og samarbeid / medverknad

Vi ser for oss at følgjande offentlege organ og andre interesser skal varslast om oppstart av planarbeid i tillegg til grunneigarar, festarar og rettshavarar i og tilgrensande planområdet. Sjå lista nedanfor. Lista er revidert etter oppstartsmøte med kommunen, sjå raud tekst.

- Statsforvaltaren Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Lærdal kommune **v/teknisk eining**
- Statens Vegvesen
- NVE

- Lærdal Brann og redning
- SIMAS
- Telenor
- Fiskeridirektoratet og kystverket
- Jakt- og fiskelag
- Mattilsynet
- Sognefjorden vel
- Råd for eldre og nedsett funksjonsevne
- Barnerepresentanten
- Ungdomsrådet
- Lærdal båteigarlag

Ser ikkje at det er behov for meir tilrettelagt prosess for medverknad enn varsling av planoppstart. Ny vurdering kan gjerast etter å ha gått gjennom innkomne innspel til varsel om planoppstart.